



**Saksframlegg**

**Søknad om tilskot til Bryggeparktreff 2026**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Formannskapet		

**Endeleg vedtaksrett i saka har formannskapet**

**Dokument i saka:**

Søknad av 19. mai 2026

**Bakgrunn for saka:**

Bryggeparktreffet er eit nytt motor- og publikumsarrangement som kombinerer bilinteresse, strandliv, aktivitetar og sommarstemning i Bryggeparken og på Fyresdal flyplass. Arrangementet er etablert av ei lokal gruppe bestående av unge vaksne i alderen 19–24 år, som på dugnad ønskjer å skape aktivitet og engasjement i bygda. Arrangementet skal vere same helga som den tradisjonelle Bygdedagen i Fyresdal.

Målet er å skape gode synergjar mellom arrangementa og trekkje fleire menneske til bygda denne helga. Ved å kombinere bilutstilling, aktivitetar, strandliv, handel og arrangement i sentrum ønskjer ein å lage ei helg som appellerer til eit breiare publikum enn berre dei mest motorinteresserte.

Arrangørane var tidleg ute med kommunikasjon og løyver frå Fyresdal kommune.

Dei har eit omfattande program, med mellom anna stor bilutstilling i Bryggeparken, eigne område for ulike bilmiljø, stands, matsal, Test'n Tune på flyplassen og drive-in kino med visning av den originale *The Fast and the Furious*. I tillegg blir det lagt opp til aktivitetar knytt til strand- og sommarliv ved Fyresvatn. Drive-in kino er i samarbeid med ungdomsklubben fredag kveld. Arrangørane har jobba grundig og metodisk gjennom heile året, og har lagt ned ein betydeleg eigeninnsats, så langt rekna til om lag 350 000,-.

Dei søker Fyresdal kommune **om kr 30.000,- i stønad** til mellom anna å dekkje utgifter til: Stuntshow, publikumsaktivitetar, marknadsføringsmateriell, lydanlegg, pynt og tilrettelegging av området, premiering, fasilitetar til bilvask, matservering og kioskdrift, samt andre kostnader knytt til gjennomføring av arrangementet.

## Økonomi:

Arrangøren har følgende budsjett:

<b>Utgifter</b>	
<b>Kostnad (inkl dugnadsarbeid)</b>	<b>Sum</b>
Stuntshow / underholdning	30 000
Marknadsføring (70t x 300kr)	21 000
Banner, skilt, vegfinning, profilering og pynt	40 000
Lydanlegg og teknisk utstyr	20 000
Premiering	20 000
Leige og avgifter (bord, gjerder, camping mm)	40 000
Matsservering / kiosk / rigg / matvarer	15 000
Vakthald / sikkerheit, 250t x 300kr	75 000
Utstyr til vaskeanlegg	20 000
Rigg av Bryggeparken, tilrettelegging, planlegging, lån/leige av traktor/atv mm, vakthald, kiosk, parkering, søknadar, trykt materiell. Ca 500t x 300 kr/t	150 000
<b>Sum</b>	<b>506 000</b>

Sponsoravtalar	54 000
Utstillaravgifter	20 000
Sal kiosk og mat	15 000
Eigeninnsats / dugnad	337 000
Tilskot privat stifting (søkt, ikkje fått svar)	50 000
Tilskot Fyresdal kommune	30 000
<b>Sum</b>	<b>506 000</b>

Budsjettet viser nøkterne kostnader og ein betydeleg eigeninnsats.

## Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;*

### Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige

- Støtte opp finnbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod
- Legge til rette for aktivitet for alle aldersgruppe, og som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig.
- Jobbe for ei meningsfull fritid for alle
- Legg til rette for møteplassar
- Stimulere til frivillig arbeid

Arrangementet er initiert og drive av unge vaksne i bygda, og er eit viktig bidrag til å styrke frivillig arbeid, lokalt eigarskap og samfunnsengasjement. Det kan gje ein positiv profilering av bygda, og bidrar ytterlegare til å posisjonere Fyresdal som ei attraktiv arrangements- og besøksbygd i regionen. Dei har brei støtt frå lokalt næringsliv, og arrangementet er godt profilert på sosiale medier.

Ved å legge arrangementet til same helg som byggedagen, kan ein skape større samla aktivitet, enda fleire besøkande og meir liv, dette kan styrke både arrangementa, og gje ein meir heilskapeleg besøkshelg.

Ein evaluering i etterkant bør gje signaler om det var oppnådd effekt, eller om ein bør vurdere for seinare å ha arrangementa på forskjellige tidspunkt

Dei søker om tilskot til å dekke utgifter for å kunne gje gratis familievenlege opplevingar. Det er eit nytt arrangement, men ein viss risikofaktor og stor dugnadsinnsats, det er forståeleg at dei ynskjer ein viss økonomisk forutsigbarheit med økonomisk stønad frå kommunen. Arrangementet har allereie stor interesse nasjonalt, med over 1000 interesserte og mange påmeldte bilar. Dette gir eit godt grunnlag for vidare vekst og etablering av ein mogleg årleg tradisjon. Fyresdal treng og arrangement som er attraktive for denne aldersgruppa. Planen om gratis stuntshow og familievennlege aktivitetar bidreg til at arrangementet blir tilgjengeleg for alle, uavhengig av økonomi.

Arbeidet som er lagt ned i dugnad for gjere det enda meir attraktivt i bryggeparken no i vår har vore omfattande, og har spart kommunen for mykje arbeid.

Ein ser det sjølvsagt at arrangør fylgjer opp relevant retningsliner og pålegg som gjeld for slik arrangement, både når det gjeld vakthald og sikkerheitsrutine jfr. Fyresdal kommune sine retningsliner for sikkerheit ved Store arrangement.

#### **Konklusjon:**

Det er eit stort frivillig engasjement for eit attraktivt arrangement for unge vaksne, som kommunen ynskjer å stø opp om.

Arrangementet kan bidra til både samfunnsbygging, næringsutvikling og profilering av bygda.

#### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune støt arrangementet Bryggeparktreffet med kr 30.000,-.

Med løyving frå næringsfondet 1410

--- slutt på innstilling ---

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur